



## ÅRSMELDING FOR STIFTINGA NORDGARDSLØA 2017

Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

### Kva type verksemd og kvar den blir driven.

Stiftinga Nordgardsløa er ei stifting som høyrer til i Meland kommune. Stiftinga driv og administrerer Nordgardsløa som eit lokale for møteverksemd og faste aktivitetar for medlemslaga. Andre lag og private kan og leige lokalet til ulike arrangement. Mottoet til stiftinga er «Samarbeid mellom organisasjonane, samhald mellom generasjonane».

### Styret og styret sitt arbeid. Medlemslaga sitt arbeid.

#### Styret sin samansetning i perioden frå siste årsmøte 25.april 2017:

Formann	Jørn Kleiva	Kristent Fellesskap
Styremedlem	Sigurd Knudsen	NFU avd. Meland
Styremedlem	Bjørnar Langeland	Meland Mållag
Styremedlem	Leif Johnsen	Meland kommune
Varamedlem	Oddmund Solbakken	Nordhordland Jakt- og fiskelag
Varamedlem	Beate Eknes	Meland kommune
Regnskapsfører	Tor Ryland	Løas vener
Dugnadsleiar	Tor Ryland	Løas vener
Husråd 1.halvår:		
Siren Lovise Ryland, Vertskap		Løas vener
Alvhild Aarhus		Løas vener
2.halvår:		
Gunn Krokeide		
Valkomite :		
Alvhild Aarhus		Løas vener
Tor Ryland		Løas vener

#### Møteverksemd - Arrangement

Styret har hatt 4 styremøte og behandla 25 saker, i tillegg til årsmøtet. Stiftinga består av 10 medlemslag, og desse har i alt hatt 137 ulike arrangement i løa. Andre lag og organisasjonar har brukt Løa 5 gonger. Løa har vore utleigd til private i alt 45 gonger. I tillegg nyttar Gladtrimmen Løa onsdager på dagtid, og det har vore yoga ca.20 mandagar og jazzkafe 8 fredagar.

Nordhordland brevueklubb har brukt underetasjen i løa til sine aktivitetar, men har meldt frå at dei avsluttar sin aktivitet i nordgardsløa. Dei står no som passivt medlemslag. Til saman har det vore 250 ulike arrangement i Løa 2017.

### **Vedlikehald.**

Det vart utført felles dugnad 28.mars og 5.april, med innvendig vårreingjering og utvendig rydding, beskjæring av tre og anna hagearbeid. Utanom dette har enkeltpersonar og lag gjort ein del godt arbeid med innvendig og utvendig vedlikehald, t.d. ettersyn av stolar og bord, ettersyn av lamper, reinsing av takrenner og nedløp m.m.

Det har vore betalt for å få utført diverse arbeid:

Reingjering innvendig frå veke til veke, nye takrenner, reparasjon av rekkverk ved låvebru. Snekkar har laga tak over varmpumper og utgangsdør på baksida av løa.

### **Nytt vertskap og folk til reinhald**

1.juli 2017 kom det på plass nytt vertskap for Nordgardsløa: Gunn Krokeide. Vi fekk også avtale med to faste personar som tar seg av reinhald. Det står att å få på plass ei ordning med vaktmestertenesta.

### **Endring av vedtekter.**

Etter pålegg frå Stiftelsestilsynet har styret utarbeidd nokre endringar i vedtektene slik at dei er i samsvar med stiftelseslova. Desse vart vedtatt av styret og godkjent av tilsynet.

### **Økonomi m.m.**

#### **Rettvisande oversikt over utvikling og resultat.**

Styret meiner at årsregnskapet gir eit rettsvisande bilde av stiftinga sin eigedom og gjeld, finansielle stilling og resultat.

#### **Fortsatt drift.**

Årsregnskapet er for 2017 er sett opp under føresetnad av fortsatt drift. Ein stadfester hermed at føresetnaden om fortsatt drift er tilstade.

#### **Forsking og utvikling**

Stiftinga har for tida ingen pågåande forsking- eller utviklingsaktivitetar.

#### **Arbeidsmiljø**

Styret mener arbeidsmiljøet i stiftinga er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2017.

### Likestilling

Etter siste årsmøte er det berre menn i styret. Det er ein kvinneleg vararepresentant, og kvinneleg vertskap. Styret vil be valkomiteen om å arbeide for å få fleire kvinner inn i styret.

### Ytre miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

### Sluttord

Styret takkar for alt godt arbeid som har vore utført med tilsyn og vedlikehald av løa. Og oppgåva som vertskap har vore utmerka skjøtta av Siren Ryland fram til sommaren og deretter av Gunn Krokeide. Styret vil rette ei stor takk til Siren for hennar entusiasme og utrettelege arbeid for Nordgardsløa heilt sidan starten i 1989. Styret er takksam for at Gunn Krokeide ville ta over arbeidet som vertskap.

Gisle og Alvhild Aarhus har lagt ned eit stort arbeid i husråd og som vaktmester for å halde Løa i orden og presentabel. Desse to har også avslutta sine verv i løa, og vi vil takke for deira innsats gjennom mange år.

Tor Ryland gjer eit omfattande og viktig arbeid med økonomi/rekneskap, med å søke økonomisk støtte og med organisering av dugnad. Stiftinga har hatt gode inntekter, og som det går fram av regnskapet, har mykje av inntektene gått med til drift og til nødvendig vedlikehald, reparasjonar og utskiftingar. Styret er takksam for at Tor ville ta på seg oppgåva med rekneskap og fakturering også dette året.

Frekhaug 21.mars 2018

Stiftinga Nordgardsløa



Jørn Kleiva  
Formann



Bjørnar Langeland  
Styremedlem



Leif Johnsen  
Styremedlem



Sigurd Knudsen  
Styremedlem